

Her opnar stortingspresidenten den nye permanente utstillinga i amfiet



OPNA KUNSTUTSTILLINGA: Stortingpresident Masud Gharakhani opna den permanente kunstutstillinga i Moster Amfi. FOTO: PÅL SOLLI PAULSEN

Storstilt opning av den permanente utstillinga «Frå makt til rett - kven har makt?» i Moster Amfi.

► **Pål Solli Paulsen**
pal@bomlo-nytt.no

Laurdag føremiddag var det opning av ny permanent utstilling i nybygget til Moster Amfi og stortingspresident Masud Gharakhani hadde kome til Moster for å opna med mellom anna politikarar frå både kommunar, storting og fylket og andre involverte i næringslivet.

I samband med opning av ny utstilling blei det først avduka eit måleri av Vebjørn Sand, som var gjeve i gåve til Moster Amfi og kyrkehistoriske senter.

Den kjende målaren hadde tale i høve avdukinga, og fortalte mellom anna om at freden ikkje er noko ein kan ta for gitt.

Stortingpresidenten fekk då deretter først oppgåva å avduka dette maleriet, saman med Sand.

Verdiar, samfunn, lovar og maktstrukturar gjennom tusen år

I samband med tusenårsjubileet for innføring av kristenret-



OPNINGSTALE: Elsa Aanensen i Moster 2024 ynskja alle velkomne til opning. FOTO: PÅL SOLLI PAULSEN

ten gjekk Moster Amfi- og Kyrkehistoriske senter og Moster 2024 saman om etablering av ei ny permanent utstilling i nybygget til Moster Amfi, reist i anledning jubileet.

Utstillinga fekk tittelen «Frå makt til rett - kven har makt?» og har som mål å teikna eit bilde av korleis verdiar, samfunn, lovar og maktstrukturar har endra seg gjennom tusen år.

Dagleg leiar i Moster Amfi, Nina Meldahl Olsen hadde tale om både arbeidet med utstillinga og amfiet, og ville takka Valvatne Bygg for alt dei har gjort for å få dette på plass på kort tid.

Gharakhani kom så opp og halde tale om mellom anna viktigheita rundt å bevare den norske historia og kva som har gjort oss til det samfunnet me er i dag.

Etter dette erkærte han den permanente utstillinga for opna og klipte snora.

Folkemengda med stortingspresidenten i spissen følgde deretter vegen inn mot utstillinga. Her var det mange som fann mykje spanande å både sjå på lesa om.

Elevar for kulturskulen haldt også konsert innne i utstillinga.



FORMÅLET: Utstillinga ynskjer å invitera både ung og vaksen til refleksjon og diskusjon om både historia og samtidssamfunnet. FOTO: PÅL SOLLI PAULSEN

OM UTSTILLINGA

► Utstillinga ynskjer å invitera både ung og vaksen til refleksjon og diskusjon om både historia og samtidssamfunnet. Korleis kan vi i framtida få eit best mogleg samfunn for oss alle? Vi ser at demokratiet er sett under press i mange land i verda, også i Europa. Med verdiane som ligg til grunn for utstillinga, «Fridom», «Rettsvern» og «Likeverd», skal vi gjere publikum bevisste på kor viktig det er å ta vare på og verna om verdiar og demokratiske prinsipp som ligg til grunn for samfunnet vårt i dag.

Kjelde: Moster 2024.



STASELEG: Seglskipet Christian Radich låg til kai på Dalaneset. FOTO: KJERSTIN MÆLAND

Mange kom for å ta i mot seglskipet Christian Radich

Det blei fort fullt på Dalaneset då Mos-ter 2024 arrangerte velkomstsermoni for seglskipet Christian Radich.

► **Kjerstin Mæland**
kjerstin@bomlo-nytt.no

34 pilegrimmar har reist frå Oslo til Moster med seglskipet for å feira 1000-års jubileet for kristenretten.

– For å seia det slik, dette har vore ei oppleving, seier leiar for Pilegrimer og prosjektleiar John Malvin Eriksen.

– Me starta med flott seglas ut frå Oslo med roleg vatn og fint vør. Så fekk me deilig seglevind, som førte til at halvparten av dei om bord blei sjøsjuke. Men med seks segl så haldt me 10 knop, så det må jo seiest å vera bra, held Eriksen fram.

Varm velkomst

Med på seremonien for å ta i mot seglskipet var Moster og Bremnes Drill, Moster skulekorps, mannskoret Havdur og Bømlo Janitsjar.

Ordførar Morten Helland ønskte pilegrimmane og dei framømte velkommen før han gav ordet vidare til John Malvin Eriksen.

Han fortalte litt meir om reisa med Christian Radich, og om

når Noreg gjekk frå vikingtid og vikinglov, til kristen-tid og kristenrett og kva dette betydde i praksis.

Eit memorandum

Generalsekretær for Norges Kristne Råd, Erhard Hermansen overrekte så eit memorandum til styreleiar i Moster amfi og kyrkjehistorisk senter, Arild Steinsland.

– Me feirar tusenårsarva; dei gode verdiane frå fortida som har gitt oss mange goder i dag. Me anerkjenner ansvaret for å forvalte dei verdiane godt - i samfunnet no i dag, og vidare på vegner av kommande slekter. I memorandumet står kristen-Noreg saman om å forplikta seg til dette, seier Hermansen.



STEMNING: Mannskoret Havdur laga fin stemning på Dalaneset. FOTO: KJERSTIN MÆLAND

– Eg skal ta godt vare på dette gjorde for tusen år sidan, seier dei neste tusen åra, slik at nye Steinsland. forskaræ kan forska på kva me

Statsministeren opna nye Vetahaugen

Laurdag ettermiddag kom statsminister Jonas Gahr Støre på besøk til Moster.

► **Kjerstin Mæland**
kjerstin@bomlo-nytt.no

Ved inngangen til gravplassen ved Moster gamle kyrkje helsa statsminister Jonas Gahr Støre på blant andre ordførar Morten Helland og dagleg leiar i Moster 2024, Elsa Aanensen.

– Dette er eit jubileum for hei-

le landet, og eg har gleder meg mykje til å komma her, seier statsministeren.

Dei spaserte opp over kyrkjegarden og snakka om den gamle Mostrakyrkja før dei besøkte vikinglandsbyen. Her fekk statsministeren med seg ein liten suvenir før dei tok turen ned i matteltet for ein matbit.

Alle som leverer mat i matteltet sto for serveringa til statsministeren, og på veg ut fekk han også ein 1000-års jubileumspin festa på jakka si av Aanensen.

– Du må jo ha den ein slik du også, seier ho og finn fram nåla.

På vegen opp til Vetahaugen helste statsministeren på barn i vikingklede som sto ulike stadar langs stien.

Oppe på toppen hadde mange samla seg foår å sjå når statsministeren opna den nye Vetahaugen.

Brynjar Stautland, i rolla som Olav Haraldsson, gav ordet til statsministeren oppe på Vetahaugen.

– Gode landshøvding, ordet

er ditt, sa han med innlevelse og iver.

Statsministeren holdt tale om Kristenretten og kva den ville seia for innbyggjarane, og korleis Kristenretten blei starten for det moderne Noreg me kjenner i dag, før han erklærte nye Vetahaugen for opna.

TALA: På Vetahaugen tala statsministeren før han erklærte den nye Vetahaugen for opna.

FOTO: KJERSTIN MÆLAND

